



Jorunn og Birger Løtveit
Hauglandsvegen 82
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/501 - 15/3236

Saksbehandlar:
Tore Svendsen
tore.svendsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.07.2015

Melding om vedtak - oppføring av sportsbod - Gnr 32/43 BjørkenestetHyttefelt

Administrativt vedtak. Saknr: 066/2015

Tiltakshavar: Birger Løyveit

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

VEDTAK:

Masfjorden kommune v/rådmannen viser til pbl §20-2 og godkjenner søknaden om å føre opp sportsbod slik søknaden, dagsett 12.06.15, viser, på følgjande vilkår:

- **Boden skal ikkje nyttast til varig opphald**
- **Boden skal ikkje takast i bruk før det ligg føre ferdigattest**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Gebyrregulativet

Med helsing

Roald Kvingedal
fungerande teknisk sjef

Tore Svendsen
Byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld oppføring av sportsbod med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 18m².

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er ingen merknader.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 20.05.2015.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist.

Vurdering

Rådmannen har ingen merknader til omsøkt tiltak. Tiltaket ligg innanfor gjeldande føresegner for Bjørkenest Hyttefelt.

Mottakarar:

Jorunn og Birger Løtveit

Hauglandsvegen 5265
82

YTRE ARNA

